
Fra: Nils Petter Rabbe <nprabbe@gmail.com>
Sendt: 16. mai 2023 00:00
Til: Postmottak KLD
Emne: Innspel til Stortingsmelding Villrein

Hei,

min bakgrunn er at eg er oppvokst i fjellbygda Røldal ved foten av Hardangervidda, på den sydvestlige sida. Familien min har ein gard med stølar og jakthytter både innanfor og utanfor nasjonalparken. Interessa for reinsdyr har fulgt naturleg i familien og sit i ryggmargen. Tilhørighet til Hardangervidda er sterk gjennom bl.a. jakt, fjell, ski, lokalhistorie, utnytting av naturressursane i fjellheimen. Eg har og tilbrakt tre somrar som sauegjetar på vidda.

Dette er heller ikkje noko nytt. Utstrakt menneskelig aktivitet på Hardangervidda har omtrent like lang historie som villreinen sin aktivitet her. Utnytting av naturressursane og rekreasjon på vidda er like viktig for eksistensen til urbefolkning og bygdene rundt vidda, som den er for villreinstamma.

Beretningar frå eldre sambygdingar som har levd store delar av livet sitt på vidda tyder på at reinen toler eit relativt høgt nivå av aktivitet i leveområdet sitt i store delar av året. Dette er og mine erfaringar gjennom åra og dei ulike årstidene.

Fysiske ferdselshinder slik som bilvegar med stor trafikk, høge brøytekanter, hytter som står tett etc. kan nok ha potensial for å forstyrre reinens trekkruiter om dei ligg feil plassert i terrenget.

I vårt område har me opplevd at reinen sine tidlegare ferdselskorridorar er fysisk stengt etter kraftutbygging av Håvardsvatnet og Songadammen. Det som tidlegare var mange småvatn med passasje innimellom, har blitt til svære innsjøar. Andre store reguleringsmagasin på vidda kan også bidra til vanskelig adkomst til beiteområder, Mår i Tinn kommune er truleg eit anna grelt døme på dette.

Hovedferdselsårer mellom aust og vest, slik som lange strekk på E134 og RV7 fungerer til tider som absolutte stengsel for at reinen skal kunne forflytte seg naturleg. Hyttelandsbyar i f.eks Vinje og Gol har også lagt områder brakk.

Dette er døme på innhogg i reinen sine leveområde som verkeleg gjer skade. Det som er positivt er at ein del av desse negative tiltaka kan ein bøte på og verkeleg gjere ein positiv skilnad for reinen.

Ein kan bygge tunellar under større delar av RV7 og E134. Ein kan bygge moloar på dei regulerte vatna for å gjenopprette gamle trekkruiter mot vest.

Dei menneskelege tradisjonsbærarane på vidda; turfolket, sauebønderne stølsdriftene, jegrar og fiskarane har derimot begrensa negativ effekt på reinen.

Det er bagatellar i forhold til dei store inngrepa som nemnt over.

Det er ingen grunn til å øydelegge ein mange tusen år lang viddakultur for å tru at ein hjelper reinsdyra.

Gjer tiltak som monnar.

Med venleg helsing
Nils Petter Rabbe